

Nærings- og fiskeridepartementet

Saksnr. 16/309 - 3	Arkivkode / U43/	Saksh. Aina Tjosås - 56 57 50 43	Dykkar ref.	Dato 19.02.2016
-----------------------	---------------------	-------------------------------------	-------------	--------------------

Høyringsvar frå Os kommune - Innretning av havbruksfondet

Sjå vedlagt sakspapir for behandling og vedtak i saka.

Med helsing

Aina Tjosås
Plan- og utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Aina Tjosås		Arkivkode: U43	
Arkivsaksnr.: 16/309		JournalpostID: 16/2817	
Saksnr: 13/2016	Utval: Os formannskap	Dato: 18.02.2016	

Høyringsvar frå Os kommune - Innretning av havbruksfondet**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

Os formannskap sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka. Dette vert Os kommune sitt høyringsvar på regjeringa sitt notat om korleis eit havbruksfond bør innrettast og fordelast.

Os, den 01.02.2016

Christian Fredrik Fotland
Rådmann

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga.

OS FORMANNSKAP 18.02.2016, Sak 13/2016 -Vedtak:

Os formannskap sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka. Dette vert Os kommune sitt høyringssvar på regjeringa sitt notat om korleis eit havbruksfond bør innrettast og fordelast.

Vedlegg:

- Høring av forslag til innretning av havbruksfondet

Saksopplysningar:**Bakgrunn for saka**

Havbruksnæringa har utvikla seg til å verta ei viktig næring for Noreg og for dei mange kommunane med oppdrettsverksemd langs kysten. Det er i dag oppdrett av laks og aure i totalt 160 kystkommunar, frå Lyngdal i sør til Hammerfest i nord. Havbruksnæringa bidrar med aktivitet, sysselsetting og inntekter. Likevel opplever mange kystkommunar at dei får for lite igjen for å legge til rette for næringa.

Oppdrettsnæringa har hatt ein sterk vekst over fleire tiår og produksjonen av laks og aure er dobla sidan 2005. Regjeringa ønskjer å legge til rette for vidare vekst i oppdrettsnæringa, kor ein viktig føresetnad er tilgang på tilstrekkeleg og egna areal. Regjeringa ønskjer at dei kommunane som stiller areal til rådevelde for havbruksnæringa bør oppleve større positive ringverknader frå aktiviteten. Den politiske plattformen seier også at store delar av vederlaget for nye konsensjonar bør tilfalla dei kommunane det gjeld.

I Meld. St. 16 (2014-2015) "Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett" (havbruksmeldinga) presenterer regjeringa eit nytt system for justering av kapasiteten i oppdrettsnæringa basert på miljøindikatorar, handlingsregler og ei inndeling av kysten i produksjonsområde. Ved handsaminga av meldinga har stortinget vedteke at 20 prosent av inntektene frå vederlag skal gå til staten, mens 80 prosent skal fordelast på kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd.

Ifølge Nofima sto havbruksnæringa i 2013 for ein direkte verdiskaping i form av bidrag til BNP på 14,7 milliardar kroner og ei sysselsetting i årsverk på 9 621. Brote ned på lokalitetsnivå svarer dette til i gjennomsnitt ei verdiskaping på 25,7 millionar kroner, eller ei sysselsetting på 17 årsverk, per lokalitet i bruk. Nofima har også rekna ut at havbruksnæringa i 2013 kjøpte varer og tenester i Norge for 34,3 milliardar kroner, og at dette utgjorde 14 678 årsverk.

Os kommune har mykje sjøareal og det bør såleis ligge godt til rette for at havbruksnæringa vert utvida i kommunen. Auka vederlag til kommunane, gjer også at dette er svært interessant for Os å sjå nærare på. Kor og i kva omfang må likevel vurderast nøye, og i nært samarbeid med dei andre kommunane som vi deler

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

sjøbassenga med. Den diskusjonen er ei eiga sak som ikkje vert vidare diskutert i dette notatet.

Denne saka er Os kommune sitt høyrings svar på regjeringa sitt notat om korleis eit havbruksfond bør innrettast og fordelast.

Saksutgreiing

Høyringsnotatet drøftar følgjande problemstillingar:

1. Fordelingsnøklar mellom a) fylkeskommunar og kommunar, b) kommunar c) fylkeskommunar
2. Storleik og frekvens på utbetalingar frå fondet
3. Administrasjon av fondet

1. Fordelingsnøklar

Fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunar og kommunar

Stortinget har i si innstilling gått inn for at 80 prosent av vederlaget frå framtidig auka kapasitet skal kome fylkeskommunane og kommunane til gode. Under handsaminga i Stortinget var det ein føresetnad med ei fordeling med 20 prosent til staten, 10 prosent til fylkeskommunane og 70 prosent til kommunane.

Os kommune sine merknader:

Os kommune støttar ei fordeling som gir kommunane 70 prosent av vederlaget

Fordelingsnøkkel mellom kommunane

Det er ønskjeleg å finne ei enkel fordelingsnøkkel som gir ein rimeleg fordeling på alle kommunane med oppdrettsverksemd, men som samstundes stimulerer til å legge til rette for nye og egne areal.

1. Eitt alternativ er lik fordeling på alle kommunane som legg til rette for havbruksnæring.
2. Eit anna alternativ er å fordele inntektene etter lokalitets-MTB. Ein slik modell sikrar at kommunane med mest oppdrett også får stort del av inntektene (MTB på lokalitetsnivå er eit uttrykk for kva miljømessig bereevne lokaliteten er klarert for).
3. Inntektene kan også knytast opp mot fysisk arealbeslag.
4. Ei fordeling basert på slaktevolum på lokalitetsnivå i den enkelte kommune er også eit alternativ. Dette er mogleg fordi tala vert rapportert gjennom Altinn.

Os kommune sine merknader:

Kommunen meiner det er viktig å finne ein fordelingsnøkkel som er enkel å administrere og som krev lite byråkrati. Når det gjeld sjølve fordelinga, støttar Os alternativ 2, der inntektene vert fordelt etter lokalitets-MTB.

Fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

Departementet meiner at same fordeling som for kommunane kan nyttast for fordeling mellom fylkeskommunane.

*Os kommune sine kommentarar:
Os støttar dette.*

2. **Storleis og frekvens på utbetalingar frå fondet**

Departementet har oppfatta det slik at havbrukskommunane så langt har vore opptatt av at utbetalingar frå fondet bør skje årleg. Då vert utbetalingane føreseielege og jamne. Dette er ei utfordring å få til når inntekter frå tildeling av ny kapasitet kun vil kunne oppstå annakvart år. Årlege utbetalingar krev derfor at deler av kommunal sektor sine

inntekter må haldast tilbake for så å verta spreidd utover fleire år, framfor å bli utbetalt med ei gong. Dette fører til tap av renteinntekter og auka kostnad til administrasjon.

Departementet har satt opp tre alternative modellar for utbetaling av fondet:

- Umiddelbar utbetaling
- Fast utbetaling
- Prosentvis utbetaling

Fordeler og ulemper er skissert i tabellen under:

Ordning	Fordeler	Ulemper	Merknader
Alt. 1 Umiddelbar utbetaling	Ingen utfordringar med forvaltning sentralt. Kommunar og fylkeskommunar kan få renter på sin del av inntektene eller bruke midlane til drift.	Ujamn inntekstraum	Det forvaltningsmessige enklaste alternativet som sikrar at midlane kjem i bruk eller overlater ev. forvaltning til den enkelte kommune. Midlane kan disponerast fritt av kommunane - også til drift.
Alt. 2 Fast utbetaling	Sikrar jamne utbetalingar. Er mest føreseieleg.	Vanskeleg å fastsetje riktig størrelse på utbetalingane, mykje midlar vert bunde opp i fondet. Forvaltningsutfordringar.	Alternativet gjer det føreseieleg for den enkelte kommune, gitt at anslaga på framtidige inntekter er riktige. For å sikre seg mot at fondet går i minus, bør ein "gjetta lågt" på storleiken. Dette gjer at midlar vil bli ståande unytta, og skape eit behov for forvaltning. Det reiser spørsmål om korleis midlane skal forvaltast - bl.a. av kven og med kva risikoprofil. Det kan bli nødvendig å justere storleiken om det skulle vise seg at ein har gjetta feil.
Alt. 3 Prosentvis utbetaling	Mindre variable utbetalingar enn alternativ 1. Sikrar at fondet ikkje vert tomt.	Mindre jamne utbetalingar enn alt 2. Utfordringar kring forvaltning. Midlar står unytta	Gir relativt jamne utbetalingar og er slik føreseieleg. Samstundes vert det utfordringar med sentral forvaltning av midlane, samt at ein del av midlane til ei kvar tid står unytta.

*Os kommune sine kommentarar:
Os støttar alternativ 1 med umiddelbar utbetaling.*

3. **Administrasjon av fondet**

Administrasjonen vil kunne haldast på eit minimum dersom inntektene vert fordelt etter ein fordelingsnøkkel med lokalitets-MTB, og utbetaling til aktuelle kommunar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

og fylkeskommunar skjer med ei gong etter at midlane er kome inn. Andre løysningar vil krevje meir administrasjon. Eit alternativ kor ein opprettar ein ny eining – eit havbruksfond i ordets rette forstand - som skal forvalte inntektene, vil være kostnadskrevjande og krevje mest administrasjon.

Os kommune sine kommentarar:

Os støttar forslaget om å halde administrasjonen på eit minimum ved å fordele etter ein fordelingsnøkkel med lokalitets- MTB

Anna

Det har vore diskutert om fordelinga av inntekter frå framtidige kapasitetstildelingar vil få miljømessige konsekvensar. Bakgrunnen for diskusjonen er at kommunane vil få store incentiver for å legge til rette for oppdrett og at dette kan føre til uheldige miljøkonsekvensar og gå ut over andre interesser i kystsona.

Det er vedtatt at det skal opprettast eit havbruksfond og dette høyringsnotatet omhandlar kun innretninga av fondet. Eventuelle konsekvensar for miljø og andre interesser i kystsona, må vurderast i samheng med tilrettelegging av nye lokalitetar.

Oppsummering

Os kommune tykkjer det er positivt at det vert oppretta eit havbruksfond som sikrar at kommunane som legg til rette for oppdrett også får sin del av inntektene. I det vidare arbeidet er det viktig å finne fram til ein god måte å forvalte fondet på som gir ei rettferdig fordeling av midlane og samstundes minst mogeleg byråkrati.

Os, den 01.02.2016

Aina Tjosås
Plan- og utviklingssjef

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		